



FRIVILLIGHET NORGE

Til Samferdselsdepartementet

Oslo, 9. mai 2012

HØYRINGSSVAR – FORSLAG TIL ENDRING I YRKESTRANSPORTLOVA – dykkar ref. 11/991-MEK

Viser til høyringsbrev frå Samferdselsdepartementet datert 9. februar 2012. Frivillighet Norge har til orientering fått høyringsbrevet tilsendt via Kulturdepartementet jamfør brev datert 6. mars med referanse 12/608 HABJ:amb, med invitasjon til å komme med høyringssvar til forslag om endringar i yrkestransportlova. Frivillighet Norge har behandla saka organisatorisk og har følgjande merknader og innspel til departementet sitt forslag:

Innleiing

Frivillighet Norge er ein interessepolitisk samarbeidsorganisasjon for frivillige organisasjonar. Vi har medlemmer frå alle delar av den frivillige sektoren: idrett, kultur, barne- og ungdomsorganisasjonar, miljøbevegelse, innvandrorganisasjonar osv. Til saman har våre 280 medlemsorganisasjonar meir enn 60 000 lokale lag over heile landet.

Yrkestransportlova si relevans for frivillige organisasjonar

I utgangspunktet har ikkje yrkestransportlova stor relevans for frivillige organisasjonar. Frivillige organisasjonar har som kjent ikkje som mål å skape profitt. Frivillighet Norge ser likevel grunn til å uttale seg av følgjande årsaker:

- Det er ikkje uvanleg at frivillige organisasjonar gjennomfører regelmessige transporttenester for ulike brukargrupper, og i nokre tilfelle er det ei problemstilling kor vidt ein kan ta betaling for direkte utlegg som t.d. drivstoff. I følge høyringsnotatet blir dette rekna som eit vederlag, og dermed blir transportøren løyvepliktig.
- Når departementet foreslår å innføre eit fritak frå løyveplikta for frivilligsentralar, meiner vi at ein lagar eit kunstig skilje mellom aktørar i frivillig sektor, noko som får uheldige konsekvensar.

Desse punkta blir nærmare forklart nedanfor.

Mange frivillige organisasjonar gjennomfører transport for ulike brukargrupper. Dei fleste er sporadiske aktivitetar som t.d. dagsutflukter for flyktningar eller eldre. Desse er vi innforstått med at ikkje er løyvepliktige.

Men det fins også frivillige organisasjonar som driv meir regelmessige transporttenester. Eksempelvis har besøkstenesta i fleire av Norges Røde Kors sine lokalforeiningar tilbod om å køyre eldre til ulike tenester som sjukehus, lege og fotpleie. Ein frivillig bruker sin private personbil til å køyre den eldre til staden, venter til vedkommande er ferdig, og køyrer han/henne tilbake til heimen igjen.



FRIVILLIGHETNORGE

I nokre tilfelle er det ei problemstilling at den som blir køyrt ønskjer å bidra med ei beskjeden betaling for å kompensere for utlegget organisasjonen har hatt på bensin.

Auka byråkrati – ein trussel mot frivillig aktivitet

Frivillighet Norge har forståing for at departementet ønskjer å ha auka kontroll med transportnæringa på bakgrunn av at det har vert avdekka ulovlege forhold i næringa de seinare åra. Men transport i regi av frivillige organisasjonar skil seg openbart ut så lenge organisasjonane korkje har profitt som mål eller transportverksemd som hovudformål, og heller ikkje har fagleg kompetanse innan transport.

Frivillighet Norge sitt utgangspunkt er at det skal vere lett å vere frivillig, og at det skal vere lett å drive frivillig organisasjon. Eit stadig meir komplisert regelverk bidrar til å byråkratisere grensesnittet mellom det offentlige og det frivillige. Slike rammer er ein trussel mot den tradisjonelle frivillige aktiviteten basert på idealistiske amatørar.

I Stortingsmelding nr. 39¹ Frivillighet for alle (2006-2007) understrekar regjeringa viktigheita av å redusere det administrative arbeidet i frivillig sektor, for å gje meir tid til aktivitet. Vi forventar at denne ambisjonen blir gjenspeglå også i denne konkrete saka.

Eit fritak må også inkludere frivillige organisasjonar

Frivillighet Norge stiller seg prinsipielt kritisk til Samferdselsdepartementet sitt forslag om å gje utelukkande frivilligsentralar fritak frå løyveplikta. Dersom ein innfører eit fritak, meiner vi at dette også må inkludere frivillige organisasjonar.

Likeins med frivilligsentralar arrangerer mange frivillige organisasjonar transport for ulike brukargrupper. Mange menneske får stor hjelp av desse transporttenestene. Det er ikkje berre det at ein får hjelp til å komme seg frå ein stad til ein annan. Tenestene har også eit uvurderleg sosialt element ved seg, ved at brukarane får pleie sosial kontakt med frivillige og med kvarandre.

Frivillighet Norge ser ingen logiske grunnar til at ein skal lage eit skilje mellom frivilligsentralar og frivillige organisasjonar i denne saka. Dersom ein frivillig organisasjon som yter transporttenester for ei brukargruppe, vel å ta betalt for direkte utgifter, bør denne - på lik linje med ein frivilligsentral - få fritak frå løyveplikta. Dette er fundert på følgjande resonnement:

1. Departementet legg vekt på at frivilligsentralar som mottok statsstøtte stiller i ei særstilling ved at dei blir forvalta av Kulturdepartementet og er underlagt statlege retningslinjer.
2. Trass i denne organisatoriske skilnaden mellom frivilligsentralar og frivillige organisasjonar, er det fleire klare fellesstrekk som vi meiner er avgjerande i denne saka:
 - a. Begge er ikkje fortenestebasert.
 - b. Begge har nedfelte vedtekter som gjev klare føringar på deira handlingar.

¹ "Frivillighet for alle" (2006-2007), Kulturdepartementet. Del IV om frivillige organisasjonars rammebevilkår. .



FRIVILLIGHETNORGE

- c. Det fins både frivilligsentralar og frivillige organisasjonar som utfører regelmessige transporttenester for ulike brukargrupper. Mange menneske, som elles ikkje hadde hatt noko alternativ, får god hjelp av desse tenestene.
 - d. Det herskar liten tvil om at dersom brukarane av ein frivilligsentral eller ein frivillig organisasjons transporttilbod skulle måtta nytte seg av det ordinære drosjetilbodet eller leige turvogn med dei utgiftene det medfører, ville desse aktivitetane blitt svært reduserte.
3. Mange frivilligsentralar blir drive nettopp av frivillige organisasjonar. Nærare 60 prosent har ein sivil eigarform, medan knappe 40 prosent er kommunale². Ein betydeleg del av dei sivile sentralane er eigd av frivillige organisasjonar (minst 22 prosent). Forslaget om fritak for utelukkande frivilligsentralar vil få svært spesielle utslag for dei organisasjonane som er (med)eigar av ein frivilligsentral. Transporttenester som dei gjennomfører i regi av frivilligsentralen vil vere fritatt frå løyveplikta, medan transporttenester i regi av eige lokallag vil vere løyvepliktig.

Frivillige organisasjonar er basert på prinsippet openheit og etterretteleg drift

I si underbygging av forslaget om fritak for frivilligsentralane, oppfattar vi at Samferdselsdepartementet argumenterer slik:

Kulturdepartementets retningslinjer krev at sentralane skal ha vedtekter som mellom anna seier at verken sentralen eller dei frivillige knytt til sentralen, kan ta imot betaling – bortsett frå godtgjersle for direkte utlegg (dvs. bensinutgifter o.l.). Vidare står det i høyringsnotatet:

”For andre frivillige samanslutningar/foreiningar og liknande utan statstilskot finst det ikkje krav om at desse skal vera underlagt noko offentleg regelverk/retningslinjer. Det vil derfor for desse vera vanskeleg å forsikra seg om at det ikkje blir teke noka form for betaling bortsett frå det som er nemnt over. På denne bakgrunnen foreslår departementet at løyvefritaket for frivilligsentralar skal gjelda for dei sentralane som mottok tilskot frå Staten”³

Frivillighet Norge meiner at det ikkje er noko grunnlag for å tru at det skal vere noko vanskelegare i tilfellet med frivillige organisasjonar enn i tilfellet med frivilligsentralar, å forsikre seg at ein ikkje tek ekstra betalt for transporttenesta. Frivillige organisasjonar er basert på prinsippet om openheit og etterretteleg drift. Alle skal kjenne til spelereglane og mellom anna ha kjennskap til kvar organisasjonen får sine inntekter frå. Dette kjem fram frå organisasjonens vedtekter, årsmelding og årsrekneskap.

² Rapporten ”Sivile eierformer. Med frivillighetsentralene som case” frå Institutt for Samfunnsforskning (2007)

³ s. 32 i høyringsnotatet.



FRIVILLIGHETNORGE

Det står ikkje noko i høyringsnotatet om korleis Kulturdepartementet forsikrar seg at frivilligsentralane ikkje tar ekstra betalt for transporttenestene sine. Men vi reknar med at dette, som i fleire andre samanhengar, er basert på tillit.

Forslag til ny lovtekst

På grunnlag av argumentasjonen ovanfor foreslår Frivillighet Norge at frivillige organisasjonar inngår i fritaket frå løyveplikta.

Difor foreslår vi at ny § 20 i transportlova skal lyde:

"(3) Det trengst ikkje løyve når ein frivilligsentral eller ein frivillig organisasjon transporterer personar og berre tar betalt for reelle utgifter knytt til den enkelte transporten"

Formuleringa "eller ein frivillig organisasjon" bør med andre ord leggest til i Samferdselsdepartementet sitt forslag til ny § 20 tredje ledd.

Vederlagsomgrepet bør bli tolka innskrenkande

Likeins tilfellet med frivilligsentralar: Frivillighet Norge meiner at vederlagsomgrepet bør bli tolka innskrenkande i samband med frivillige organisasjonar. Det vil seie at når den aktuelle transporten blir utført av ein frivillig organisasjon, vil ikkje kilometergodtgjersle, betaling for bensin eller liknande utgjere vederlag etter yrkestransportlova § 4. På same vis; der ein frivillig organisasjon ikkje sjølv eig køyretøyet som blir brukt til transport, men må leige inn ein buss/minibuss, kan den også ta imot betaling for leigeutgiftene frå brukarane.

Vedrørende spørsmålet om køyresetel

Vedrørende spørsmålet om det skal krevjast køyresetel for frivillige sjåførar i samband med transport for funksjonshemma mot vederlag (med spesielt utforma køyretøy) : Frivillighet Norge meiner at ein ikkje bør krevje køyresetel av sjåførane som tek på seg å transportere personar gratis for ein frivillig organisasjon. Frivillige organisasjonar har tradisjonar for å stille krav til frivillige som skal utføre særskilt krevjande oppgåver, både når det gjeld evner, pålitelegheit, teieplikt m.m., for å kvalitetssikre sine aktivitetar.

Venleg helsing

Birgitte Brekke
Generalsekretær

Oddveig Nygård
Rådgjevar